



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/1828-3

Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Personsamanfall ved at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er i samsvar med reglane i kommunelova.
2. Kontrollutvalet sin uavhengigheit vert ikkje påverka av at leiar eller medlem i kontrollutvalet også er medlem i finansutvalet.
3. Vurdering av habilitet ved personsamanfall vert gjort i den enkelte sak der det er grunnlag for slik vurdering.
4. Vedtaket vert sendt fylkesutvalet til orientering.

Vedlegg:

- Oversendingsnotat – kombinasjonen av å vere medlem av kontrollutvalet og medlem av finansutvalet - frå fylkesrådmannen til kontrollsjefen, datert 04.02.2016
- Notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, datert 13.01.2016; Kombinasjonen av å vere medlem av kontrollutvalet og medlem av finansutvalet
- Notat frå leiar i kontrollutvalet – Notat medlem av kontrollutvalet og finansutvalet
- E-post frå NKRF, datert 22.02.2016 – juridisk vurdering – Medlem av kontrollutvalget og finansutvalget

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Budsjett 2016/økonomiplan 2016 – 2019
- Delegeringsreglement

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det vart i finansutvalet 4. november 2015 stilt spørsmål om leiar i kontrollutvalet også kan vere medlem i finansutvalet. Spørsmålet vart stilt av Sigurd Reksnes, Sp, i samband med samansetting av finansutvalet.

Finansutvalet ba fylkesrådmannen om eit notat der problemstillinga vart vurdert.

Fylkesrådmannen la fram eit notat til fylkesutvalet 27. januar 2016 med ei vurdering av spørsmålet.

Fylkesutvalet vedtok 27. januar i FU-sak 5/16 å be om å få notatet tilbake med kontrollutvalet sine eventuelle merknader.

Kontrollutvalet v/sekretariatet fekk notatet frå fylkesrådmannen 4. februar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen har i si vurdering av problemstillinga ikkje funne at det er ulovleg at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet, då finansutvalet ikkje er å rekne som ei nemnd med avgjerdsmakt. Fylkesrådmannen legg også til grunn at finansutvalet heller ikkje kan reknast som ein fylkeskomité etter § 10 a i kommunelova. Fylkesrådmannen slår dermed fast at personsamanfallet det her er snakk om ikkje er lovstridig.

Derimot kjem fylkesrådmannen fram til, i si vurdering, at personsamanfallet er ein uheldig kombinasjon av omsyn til kontrollutvalet sin uavhengigkeit. Denne vurderinga er gjort ut frå fylkesrådmannen si vurdering av at «Realiteten er at finansutvalet har same rolle overfor fylkestinget som ein fylkestingskomité ville ha hatt, og at utvalet er eit saksførebuande organ med betydeleg reel påverknad på det årlege vedtaket fylkestinget gjer om årsbudsjett og økonomiplan.»

Kontrollutvalsleiaren si vurdering

Leiaren i kontrollutvalet deler fylkesrådmannen sitt syn på det lovmessige. Det at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er lovleg etter kommunelova § 77.

Leiar i kontrollutvalet tek i si vurdering utgangspunkt i finansutvalet si rolle. Finansutvalet har ingen delegert mynde eller tilrådingsmynde, og handsamar arbeidsdokument som lagt fram av fylkesrådmannen der politikarane har høve til å stille spørsmål og fremje framlegg om endra rammer.

Kontrollutvalsleiar peikar på at kontrollutvalet ikkje utfører kontrollhandlingar overfor finansutvalet då finansutvalet ikkje har noko formell rolle eller mynde i fylkeskommunen som tilseier behov for kontroll av aktiviteten til utvalet.

Kontrollutvalsleiar konkluderer med at det ikkje er noko som tilseier at det kan stillast spørsmål ved kontrollutvalet sin uavhengigkeit på bakgrunn av om leiaren eller andre medlemmar i kontrollutvalet er medlemmar i finansutvalet.

Juridisk vurdering

Spørsmålet om leiar eller eit medlem i kontrollutvalet kan vere medlem i finansutvalet, vart sendt til juridisk vurdering i Norges kommunerevisor forbund (NKRF).

Juridisk rådgjevar i NKRF, Bernt Frydenberg, konkluderer med at personsamanfallet er lovleg etter kommunelova § 77. Leiar i kontrollutvalet kan vere medlem i finansutvalet.

I si vidare vurdering legg Frydenberg vekt på habilitet i høve til personsamanfallet. Vurderinga av om leiar i kontrollutvalet også kan vere medlem i finansutvalet må ut frå Frydenberg si oppsummering gjerast på bakgrunn av i kva grad det kan oppstå situasjonar der leiar i kontrollutvalet vert ugild til handsaming av saker i utvalet. Frydenberg skriv at han ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kor ofte det vil kunne oppstå ugildskap ved slikt personsamanfall.

Frydenberg har i si vurdering ikkje gått nærmare inn på spørsmålet om kontrollutvalet si uavhengigkeit, men derimot sett fokus på vurdering av habilitet til medlemmane i kontrollutvalet i samband med handsaming av sakene til utvalet.

Kontrollsjefen si vurdering

Kan leiar i kontrollutvalet også kan vere medlem i finansutvalet? Svaret på spørsmålet er å finne i kommunelova § 77. Det er ingenting i lova som tilseier at kontrollutvalsleiar ikkje kan vere medlem i finansutvalet. Dette er grunngjeve med at finansutvalet ikkje er eit organ med avgjerdsmakt. Dette er fylkesrådmann, kontrollutvalsleiar og juridisk rådgjevar i NKRF samde om.

Finansutvalet har ingen delegert fullmakt eller mynde i fylkeskommunen. Finansutvalet fungerer som eit politisk arbeidsutval i budsjettprosessen, ref. Budsjett 2016/økonomiplan

2016 – 2019, Fellesdel pkt. 1.1. Finansutvalet handsamar arbeidsdokument i budsjetsaka gjennom året, og legg fram tilråding til hovudutvala i budsjetsaka.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval og skal føre tilsyn og kontroll med fylkeskommunen si forvaltning. Utvalet skal mellom anna gje uttale om fylkeskommunen sin årsrekneskap, utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og rapportere til fylkestinget om gjennomførde forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar. I tillegg har utvalet fleire oppgåver som for eksempel å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Utvalet har eit fokus på kontroll av at midlane i fylkeskommunen vert brukt i samsvar med budsjettvedtaket som er gjort av fylkestinget, og utfører svært sjeldan kontroll av budsjettarbeidet og dermed arbeidet til finansutvalet.

Kontrollsjefen vurderer at personsamanfallet i denne saka ikkje har noko å seie for kontrollutvalet sin uavhengigheit då det er svært sjeldan kontrollutvalet har kontrollloppgåver overfor finansutvalet. Habiliteten til leiar i kontrollutvalet må vurderast ved eventuell kontroll av budsjettprosessen i regi av kontrollutvalet. Dette er heilt på linje med vurderingar som vert gjort i eit kvart politisk organ ved handsaming av saker der ein eller fleire representantar er i ein situasjon som krev ei slik vurdering. Vurdering av habilitet vert gjort i den enkelte sak. Spørsmålet om habilitet er også sentral i den juridiske vurderinga utført av NKRF.

3. Konklusjon

Det er ikkje noko lovmessig hinder for at leiar i kontrollutvalet kan vere medlem i finansutvalet.

Fylkesrådmannen vurderer personsamanfallet til å vere ueheldig av omsyn til kontrollutvalet sin uavhengigheit.

Leiar i kontrollutvalet konkluderer i si vurdering med at det ikkje er noko som tilseier at det kan stillast spørsmål ved kontrollutvalet sin uavhengigheit på bakgrunn av om leiaren eller andre medlemmar i kontrollutvalet er medlemmar i finansutvalet.

Juridisk rådgjevar i NKRF skriv at spørsmålet om personsamanfall må vurderast opp mot reglane om habilitet.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at personsamanfallet ikkje har noko å seie for kontrollutvalet sin uavhengigheit då kontrollutvalet svært sjeldan utfører kontroll av finansutvalet. I den grad kontrollutvalet skal gjennomføre kontroll av finansutvalet er det naturleg at leiar sin habilitet blir vurdert ut frå den gjeldande saka.